



Flotte ambassadører for bygda vår! (Foto: Margareth Sæle)

Sist søndag vart det avvikla sentral samling for fotballspelarar i Vestlandshallen. Det var dei mest lovande gute- og jentespelarane, fødd i 1993, i Hordaland fotballkrets som deltok på samlinga. Spelarane hadde blitt tekne ut på grunnlag av det dei presterte på fotballskular som kretsen arrangerte rundtom i fylket tidlegare i haust. Mellom dei som overbeviste, og kom vidare frå fotballskulen her i Uskedalen, var som tidlegare nemnt på uskedalen.no, to Uskedals-jenter, Anette Sandnes og Silje Bråtun.

Søndag var dei i Vestlandshallen saman med om lag 60 andre gode jentespelarar frå heile kretsen. Her fekk dei prøvt fotballferdighetene sine i ulike situasjonar medan kretsen sine folk finsikta og kartla kvar einskild spelar.

- Alle spelarane spela først ein 5`ar-kamp. Deretter vart vi delt i tre grupper, før det var klart for nye kampar, - fortel den eine av dei to fotballtalenta, Silje Bråtun, og ho seier vidare, – då var kvar av spelarane gjennom to 11`ar kampar. -

Heile tida vart spelarane fulgt med årvåkne, rutinerte og profesjonelle blikk av kretsen sine folk. Anette og Silje gjorde begge ein god figur, og dei har begge grunn til å vera godt fornøgd med innsatsen sin.

- Kva skjer vidare no då, Silje? - spør vi spent.

- No blir 10-15 tekne ut til å vera med på kretsaget neste sesong så det vert nok knallhardt koma med. – Ho fortel vidare at dei har fått beskjed om at dei skal få vita om dei er med vidare om ei veker tid. Dei gjev uttrykk for at dei er fornøgte uansett, for det har vore ei flott og inspirerende oppleving. Noko å ta med seg inn i vintertreninga.

Det vert nok spennande dagar, ja, men dei skal vita om at vi er stolte over det dei har prestert uansett utfall av dette uttaket. Dei er flotte ambassadører for ungdommane i bygda vår.

21.10.2020

Uskedal Utvikling

Frå dei som har fulgt laget deira, Rosendal/Uskedal J -14, har vi og fått vita at begge jentene er treningsvillige, har ei flott haldning til idretten sin og dei har hatt ei flott utvikling gjennom sesongen.

Av Thor Inge Døssland